



DET KONGELEGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 80

(2006–2007)

Om endringar i statsbudsjettet for 2007 som følgje av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar

*Tilråding frå Helse- og omsorgsdepartementet av 1. juni 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Helse- og omsorgsdepartementet gjer med dette framlegg om endring av løyvingane for 2007 under kap. 2755 post 62 Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar og post 71 Refusjon fysioterapi. Auken på i alt 21,0 mill. kroner har samanheng med revidert avtale med Norsk Fysioterapeutforbund om takstar og driftstilskot. Helse- og omsorgsdepartementet gjer vidare framlegg om at departementet får fullmakt til å gjere endringar i trygderefusjonar for legehjelp og psykologhjelp frå 1. juli 2007 på grunnlag av eventuelle avtalar med Den norske legeförening og Norsk Psykologforening. Forhandlingane med desse organisasjonane er førebels ikkje avslutta.

Det er sett av reservar til dekking av meirutgiftene ved oppgjera under kap. 2309 Tilfeldige utgifter (Ymseposten). Denne løyvinga vil det seinare bli gjort framlegg om å setje ned.

2 Bakgrunn

Avtaletidspunktet for dei einskilte avtalane om basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar er 1. juli.

Ved oppgjera per 1. juli 2006 blei det gjeve tillegg med ei økonomisk ramme svarande til 4,6 prosent for legane, 4,9 prosent for fysioterapeutane og 4,0 prosent for psykologane. Reguleringane fekk verknad frå den same datoen.

Dei respektive organisasjonane og staten, KS og dei regionale helseforetaka har no ført forhandlingar om avtalar for tidsrommet 1. juli 2007 - 30. juni 2008. For fysioterapeutane inneber avtalen ein samla auke i takstar, fondsavsetningar og driftstilskot med 1,8 prosent. Rammejusteringa er rekna per 1. juli 2007. Forhandlingane med Den norske legeförening og Norsk Psykologforening er førebels ikkje avslutta.

Ved handsaminga av statsbudsjettet for 2007 vedtok Stortinget å auke eigendelane for legehjelp, psykologhjelp og fysioterapi med 5 prosent frå 1. juli 2007, og refusjonsløyvingane blei tilpassa dette. Auken i honorartakstane som følgje av dei nye avtalane får difor full verknad i refusjonsutgiftene.

3 Avtale om driftstilskot og takstar for fysioterapeutar

I forhandlingsmøte 24. mai 2007 blei Norsk Fysioterapeutforbund, KS og staten samde om eit tilrådd framlegg til revidert avtale om driftstilskot og tak-

star for fysioterapeutar. Avtalen skal gjelde for tidsrommet 1. juli 2007 - 30. juni 2008.

Avtalen føreset ei regulering av takstar og driftstilskot med 1,8 prosent per 1. juli 2007. Takstar, driftstilskot og fondsavsetningar aukar med same prosentsetsats.

Departementet tilrår at løyvinga for 2007 under kap. 2755 post 71 Refusjon fysioterapi blir auka med 16,0 mill. kroner.

Fastlønnstilskotet til kommunar med fysioterapeutstillingar var 139 600 kroner i 2006. Departementet tilrår at fastlønnstilskotet blir regulert til 144 200 kroner for 2006, og at kap. 2755 post 62 Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar blir auka med 5,0 mill. kroner.

4 Forhandlingar om basistilskot, driftstilskot og takstar for legar og psykologar

Forhandlingane mellom Den norske legeförening, staten, KS og dei regionale helseføretaka om basistilskot, driftstilskot og takstar for tidsrommet 1. juli 2007 - 30. juni 2008, tok til i midten av mai 2007. Det

same gjeld forhandlingane om driftstilskot og takstar mellom Norsk Psykologforening, staten og dei regionale helseføretaka. Desse forhandlingane er førebels ikkje avslutta. Partane held fram forhandlingane med sikte på å nå fram til avtalar.

Spørsmålet om eventuelle meirutgifter for folketrygda som følgje av nye avtalar frå 1. juli med Den norske legeförening og Norsk Psykologforening, kan ikkje leggjast fram for Stortinget til handsaming i vårsesjonen. Departementet bed difor om fullmakt til å gjere endringar i trygderefusjonane som følgje av dei avtalane partane eventuelt kjem fram til. Løyvingssaka vil bli lagt fram for Stortinget seinare.

Helse- og omsorgsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2007 som følgje av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2007 som følgje av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2007 som følgje av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar

I

I statsbudsjettet for 2007 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
2755		Helseteneste i kommunane:	
	62	Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar, <i>kan nyttast under post 71</i> blir auka med	5 000 000
		frå kr 215 000 000 til kr 220 000 000	
	71	Refusjon fysioterapi, <i>kan nyttast under post 62</i> blir auka med	16 000 000
		frå kr 1 400 000 000 til kr 1 416 000 000	

II

Helse- og omsorgdepartementet blir gjeve fullmakt til å gjere endringar i trygderefusjonane for legehjelp og psykologhjelp frå 1. juli 2007 på grunnlag av eventuelle avtalar med Den norske legeforening og Norsk Psykologforening frå den same dato.



